



STORTINGET

Innst. 403 S

(2018–2019)

Innstilling til Stortinget frå utdannings- og forskingskomiteen

Dokument 8:120 S (2018–2019)

Innstilling frå utdannings- og forskingskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Marit Knutsdatter Strand, Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete og Åslaug Sem-Jacobsen om at mållova skal gjelde for studentsamskipnadane

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

«Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å endra § 11 i studentsamskipnadslova slik at samskipnadane vert underlagt mållova, eller på anna vis sikra at studentsamskipnadane vert plikta til å bruke både nynorsk og bokmål.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jorodd Asphjell, Kari-Anne Opsal, Nina Sandberg og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Kent Gudmundsen, Turid Kristensen, Marianne Synnes og Mathilde Tybring-Gjedde, frå Framstegspartiet, Carl I. Hagen og leiaren Roy Steffensen, frå Senterpartiet, Marit Arnstad og Marit Knutsdatter Strand, frå Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, frå Venstre, Guri Melby, og frå Kristeleg Folkeparti, Hans Fredrik Grøvan, viser til representantforslaget. Forskings- og høgre utdanningsminister Iselin

Nybø har uttalt seg om forslaget i brev til komiteen av 7. mai 2019. Brevet følgjer som vedlegg til innstillinga.

Det har kome inn eitt skriftleg høringsinnspel frå Samskipnadsrådet.

Komiteen vil vise til lov om målbruk i offentleg teneste (mållova), som slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ i stat, fylkeskommune og kommune. Noreg er eit lite språkområde, og det norske språket er under eit konstant press. Det er difor naudsint med ein offensiv språkpolitikk. Komiteen er kjend med at regjeringa har sett i gang eit arbeid med ei heilskapleg språkløv og ei ny stortingsmelding om språk, og ser fram til at desse skal leggjast fram for Stortinget våren 2020. I dette arbeidet er komiteen oppteken av det verdfulle mangfaldet som ligg i det å ha to norske skriftkulturar. Nynorsk og bokmål er formelt jamstilte, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår enn bokmål. Reglane for språkleg jamstilling må difor følgjast opp med konkrete tiltak.

Komiteen vil vidare vise til dei påleggja offentleg sektor har i samband med å sikre at folk får svar på eiga målform, og dei måla som er sette for kor stor del av informasjon frå statlege instansar som skal vere på kvar målform. Det er viktig å følgje opp at desse vert nådde. Komiteen støttar difor intensjonen i representantforslaget og meiner at regjeringa i utarbeidninga av det kommande forslaget om ei heilskapleg språkmelding bør greie ut om studentsamskipnadane skal vere omfatta av mållova.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti, understrekar at det er viktig at dei to norske målformene er jamstilte,

slik det går fram av mållova. Mållova gjeld for stat, fylkeskommune og kommune, og for private rettssubjekt som gjer vedtak eller gjev føresegn på vegner av desse. Det betyr at det skal vera mogeleg og enkelt å bruka hovudmålet sitt gjennom heile utdanningsløpet. Samstundes anerkjenner fleirtalet at det er ei utfordring at mange vel å byte målform når dei byrjar å studera.

Fleirtalet meiner at det bør leggjast aktivt til rette for at både målformene er levande og i bruk. Det føreset at det finst eit språkleg mangfald i tekst, også i det som ikkje vert ramma av mållova – som mange medium og litteratur. Ei målform kan ikkje haldast i live av ei lov alleine, det krev også medvit hos brukarane og hos dei som produserer ulike former for norsk tekst. Det bør oppmuntrast til språkleg mangfald, også der det ikkje er eit juridisk krav.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti, meiner ikkje det er naturleg at studentsamskipnadane vert lagde under mållova slik ho er i dag. Dei gjer ikkje vedtak eller gjev føresegn på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune, og dei kan ikkje instruerast av eit departement. Det er heller ikkje naturleg å jamstille studentsamskipnadane med offentlege organ, all den tid dei i hovudsak er finanserte av studentane sjølv. Fleirtalet er likevel positive til at nokre samskipnadar nyttar nynorsk eller både målformer alleire i dag, og vil oppmuntre fleire til å gjera det same.

Fleirtalet ser fram til regjeringa sitt komande forslag om ei heilskapleg språkmelding som skal leggjast fram for Stortinget våren 2020, og meiner det er føremålstengt at mållova og dei unnataka som finst i dag, vert gjennomgåtte i samband med dette. Studentsamskipnadane bør takast med i vurderinga.

Medlemene i komiteen frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er kjende med at berre to av fjorten studentsamskipnadar brukar noko nynorsk i dag. Desse medlemene viser til at studentsamskipnadane er synlege i studiekvarden gjennom at dei driv barnehagar, kafear, treningscenter og leiger ut studentbustadar. Om studentsamskipnadane var plikta til å fylge mållova, ville det ført til meir nynorsk i kvardedagen på studiestadane og gje studentane fleire språklege rettar. Til dømes vil det føre til at studentsamskipnadane må svare på nynorsk om dei vert

kontakte på nynorsk, at ulike skjema, som til dømes husleigekontraktar, må vera på begge skriftspråka, og at samskipnadane skal bruka minst 25 pst. nynorsk i skilting, på nettsida og på sosiale medium.

Desse medlemene meiner at studentsamskipnadane er til for studentar frå heile landet, både nynorsk- og bokmålsbrukarar. Difor er det eit problem at studentsamskipnadane mest berre brukar bokmål. Desse medlemene meiner difor at studentsamskipnadane lyt fylgle mållova, og at ei lovendring vil gjera det lettare å vera ung nynorskbrukar.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å endra § 11 i studentsamskipnadslova slik at samskipnadane vert underlagde mållova, eller på anna vis sikra at studentsamskipnadane vert plikta til å bruke både nynorsk og bokmål.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å endra § 11 i studentsamskipnadslova slik at samskipnadane vert underlagde mållova, eller på anna vis sikra at studentsamskipnadane vert plikta til å bruke både nynorsk og bokmål.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av Høgre, Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Komiteen har elles ingen merknader, syner til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

v e d t a k :

Dokument 8:120 S (2018–2019) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Marit Knutsdatter Strand, Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete og Åslaug Sem-Jacobsen om at mållova skal gjelde for studentsamskipnadane – vert ikkje vedteke.

Oslo, i utdannings- og forskingskomiteen, den 11 . juni 2019

Roy Steffensen

leiar

Mona Fagerås

ordførar

VEDLEGG

Brev fra Kunnskapsdepartementet v/statsråd Iselin Nybø til utdannings- og forskningskomiteen, datert 7. mai 2019

Representantforslag 120 S (2018–2019) om at mållova skal gjelde for studentsamskipnader

Studentsamskipnader er teneste- og velferdsleverandør for eit stort mangfold av studentar ved dei ulike lærestadane. Dei fleste utdanningsinstitusjonane rekrutterer studentar frå heile landet, og det skapar også eit språkleg mangfold. Men det følgjer klart av studentsamskipnadslova at mållova ikkje gjeld for studentsamskipnadene. I studentsamskipnadslova § 11 første punktum om forholdet til anna lovging heiter det:

"Forvaltningsloven, arkivloven og lov om målbruk i offentlig teneste gjelder ikke for studentsamskipnadene."

Unntaket for mållova vart lovfesta i studentsamskipnadslova i 2012. I forarbeida til lovendringa, Prop. 92 L (2011–2012) punkt 9.2, heiter det:

"I lov om målbruk om offentleg teneste § 1 står det at: "Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal sikre jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Når privat rettssubjekt gjer vedtak eller gjev føresign på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune, skal det i denne samanhengen reknast for slike organ."

Etter departementets vurdering fatter ikke studentsamskipnadene vedtak på vegne av departementet, og skal dermed ikke omfattes av denne loven."

Lovfestinga var ei kodifisering av det som allereie var gjeldande rett på området, og møtte ikkje motbør i høyringa. Under Stortinget si handsaming fekk det tilslutnad frå alle partia på Stortinget.

I Ot. prop. nr. 52 (1978–1979) om mållova, sitert ovanfor, heiter det om § 1 i mållova at denne lovforesegena tek utgangspunkt i det generelle verkeområdet til forvaltningslova. Forvaltningslova gjeld for eitkvart organ for stat eller kommune og private rettssubjekt som gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrifter.

Studentsamskipnadene fell, som eg ovanfor har gjort greie for, utanfor verkeområdet til både forvaltningslova og mållova. Ei oppheving av unntaket i studentsamskipnadslova vil heller ikkje i seg sjølv føre til at studentsamskipnader fall inn under verkeområdet til mållova. Som forslagsstillarane er inne på, finst det likevel døme på særlovsselskap som er underlagde mållova utan at dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrifter.

Kulturministeren har varsla at Regjeringa har sett i gang arbeidet med ei heilsakleg språklov og ei ny stortingsmelding om språk. Lovforslaget og meldinga skal etter planen leggjast fram for Stortinget våren 2020. Dette er ei oppfølging av Granavoll-plattforma om å "fremje

forslag om ei ny heilsakleg språklov som fører vidare prinsippa i lovverket i dag knytt til jamstilte målformer, teiknspråk og minoritetsspråk". KD meiner det vil vere naturleg å vurdere om den særlege lovreguleringa i vår sektor passar inn i overordna lovgleving på språkområdet først etter at Stortinget har hatt høve til å handsame den heilsaklege språkpolitikken.

